

Søknad om tilskot til 'Medie og kultur – Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) – 2017/'18

1. Søkjar

Namn på søkjar: Hardangerakademiet, Nordisk senter for fred, utvikling og miljø
Prosjektnamn: Visuell identitet/ Grafisk profil for
Hardangerakademiet, Nordisk senter for fred, utvikling og miljø.
Kontaktperson: Susanne Urban
Adresse: Forretningsadresse: c/o Susanne Urban, Strandkaien 6, 5013 Bergen
Telefon: 90544639
E-post: Susanne@urbanrabbe.no
Kontonr: 34503596980
Organisasjonsnr: 989917072

2. Søknad

Totalbudsjett: 50.000,-
Søknadssum: 35.000,-
Planlagt start: 2. feb 2018
Planlagt slutt: 1. april 2018
Har de søkt om tilskot til prosjektet tidlegare? Nei

2 a) Målet med prosjektet

Skape eit visuelt uttrykk som kommuniserer akademiet sin bodskap om fred, utvikling og miljø. Nå fram til nye brukargrupper og utviklingsaktørar. Nå fram til nyskapande miljø for nettverksbygging og framtidig samarbeid. Hardangerakademiet er enno i ein etableringsfase, men ser at vårt fokus, våre tema og ressursane våre vil ha aukande aktualitet innanfor berekraftig næringsutvikling.

2 b) Kvar skal prosjektet gjennomførast?

I Hordaland (Bergen og Jondal)

2 c) Samarbeidspartnarar

Grafiske designarar og ressurspersonar med mediakompetanse i Hardangerakademiet sin organisasjon og nettverk.

2 d) Er kommunen involvert i prosjektet og eventuelt korleis

Kommunen er ein nær støttespelar for akademiets verksemd. Jondal har tatt på seg å bli ein føregangskommune innan fred, utvikling og miljø. I samanslåingskommunen Jondal, Odda og Ullensvang blir akademiet eit unikt og viktig tilskot til storkommunens portefølje.

2 e) Korleis bidreg tiltaket til Næringsutvikling i Hordaland?

Sommaren 2017, i sitt tredje driftsår, husa Hardangerakademiet organisasjonen World Futures Studies Federation, sin 50. internasjonale framtidforskarkonferanse, med over 60 deltakere fra 17 ulike nasjonar, på akademiets kurs-senter på Jonatunet i Jondal.

Med vårt fokus på nytenking innan tema som økologisk økonomi, bærekraftig utvikling, fredsforskning og meglings, håper vi å auke kunnskap og merksemd om desse tema. Vidare, ved å hente inn føredrags- og kurshaldarar for ulike universitet og høgskular, kan vår verksemd bidra til å styrke bånd og kunnskapsutveksling mellom representantar frå dei ulike lærestadene, både innan Noreg og Norden, og vere med å styrkje band og kunnskapsutveksling mellom sentrale byar, regionar og distrikt. Akademiet kan bli ein aktiv medspelar i det "Grønne Skiftet" med sine hovudtema **fred, utvikling og miljø**, men også med konkrete kurs innan tema som økologisk hagebruk, egen permakulturrhage og eit stort og veksande fagbibliotek.

2. Kort budsjettoversikt for 2018

	<u>Inntekter</u>	<u>Utgifter</u>
Støtte frå HFK	kr. 35.000,-	
Egeninnsats/ dugnad	kr. 15.000,-	
Prosjektarbeid		kr. 37.000,-
Prosjektmateriell		kr. 3.000,-
Andre utgifter (annonsering)	_____	<u>kr. 10.000,-</u>
Sum inntekter	<u>kr. 50.000,-</u>	<u>kr. 50.000,-</u>

Alle finansieringskjelder (som eigne midlar, kommunale, fylkeskommunale, statlege og private tilskot, dugnader og gåver) skal spesifiserast. Budsjettet skal balansere.

3. Kort oversyn over planlagde aktiviteter i 2018 (maks ei halv side)

Eit heilskapleg og attkjennande visuelt uttrykk er ein viktig del av merkevarebygging. Målet er å kunne kjenne att verksemda sitt uttrykk i nettside, annonse, faldar, plakatar, løpesetlar og skilt. Akademiet trenger ein profesjonelt utforma grafisk profil i form av malar for dette, med definerte skrifttypar, utvalte fargar, fastsatt fotoregi eller mønstre. Prosessen rundt utarbeiding av ein visuell identitet/grafisk profil vil hjelpe akademiet å framstå klart og samkjørt i sitt informasjonsmateriell på alle plattformer.

2 vedlegg illustrerer målsetningen vår:

H.FUMi_Grafisk_Profil[JR_01.09.17]

HFUMi_forprosjekt Kursprogram02

Husnes 14.12.2017

Steinar Nilsen

Styreleder

Hardangerakademiet for fred utvikling og miljø